



Årsmelding 2025

Luster Turlag



Kronprins Håkon på besøk på Tungestølen Turisthytte. Foto: Marius Dalseg Sætre





Arbeidet i Luster Turlag

I samsvar med vedtektene er føremålet til Luster Turlag «å arbeide for eit enkelt, aktivt, sikkert og naturvenleg friluftsliv». Arbeidsområdet er Luster Kommune. Turlaget vert leia av eit styre på 7 medlemmer med 2 varamedlemmer. Luster Turlag har saman med Sogndal Turlag ein fast stilling, som utgjer 30% administrativ støtte til Luster Turlag. Gry Thyrrestrup har vore tilsett i stillinga sida 1. desember 2023.

Styret 2025:

Leiar:	Oddstein Haugen	Styremedlem:	Trygve Snøtun
Nestleiar:	Anne Merethe Feigum	Styremedlem:	Liv Endresen
Kasserar:	Bente Helene Skildheim Nes	Varamedlem:	Arne Fossøy
Styremedlem:	Amalie Råum	Varamedlem:	Bjarne Venjum
Styremedlem:	Kristine Selbervik Lund		

Årsmøtet i 2025 i Luster Turlag vart halde 5. februar på Luster Ungdomsskule i Gaupne.

Turlaget er organisert med følgjande grupper: Barnas Turlag, DNT Ung Luster, kajakk og kajakknaustet, Fivla Turisthytte, Fuglesteg Turisthytte, Tungestølen Turisthytte og Dagsturhytta Eikjabu. I tillegg Friluftsliv tilrettelagt for utviklingshemma (FTU), dette tilbodet er eit samarbeid mellom Luster frivilligsentral, NFU Luster lokallag og Luster Turlag.

Ansvarlege undergrupper og hyttenemnd

FTU:	Anita Kjølraug	Fuglesteg:	Stein Bugge Næss
DNT Ung:	Amalie Råum og Kristine Selbervik Lund	Fivla:	Nils Oma
Barnas Turlag:	Liv Endresen	Tungestølen:	Bjarne Venjum
Kajakk:	Einvald Erichsen	Eikjabu:	Arne Fossøy

Det har vore gjennomført 7 styremøte, med til saman 69 saker. Leiarane for utvala har ved fleire høve vore med på styremøta. Leiarar av Barnas Turlag og Ung er faste styremedlemmer. Ein viktig del av styremøta er rapportering av status og planar frå dei ulike gruppene i turlaget.

Styret takkar alle tillitsvalte og dugnadsfolk for innsatsen i 2025.



Aktivitetsstatistikk

Det har vore jamn god aktivitet i turlaget i 2025. Både Barnas Turlag og DNT Ung har hatt økt aktivitet i forhold til 2024 og har gjennomført fleire turar og arrangement. Det har vore gjennomført 9 av 12 planlagde fellesturar med godt oppmøte på dei fleste av turane. Nokre turar har måtte avlysast grunna dårleg ver. Gålaget og FTU har igjen i år hatt mykje god aktivitet, FTU har jamn deltaking og Gålaget har økt deltaking frå fjoråret – dette er altså allereie blitt eit populært tilbod.

Hyttene har også vært godt besøkt. Spesielt Tungestølen har hatt en stor økning i besøkstall frå 1323 gjester i 2024 til 1531 gjester i 2025.

	2025	2024	2023	2022	2021
Gjennomført tal turar	34	28	19	38	24
Gjennomført tal arrangement	4	2	17	6	11
Deltaking - ordinære turar	174	74	157	261	238
Deltaking - Luster Gålag	204	153			
Deltaking - Ung-turar og arrangement	23	13	14	70	49
Deltaking - Skolearrangement/tur	0	50	111		
Deltaking - BT-turar (trilletur)	106	299	423(14)	170 (28)	102 (32)
Deltaking - arrangement	390	202		180	310
Deltaking - FTU	205	229	238	180	60
Deltakarar - totalt	1102	1020	983	886	790
Gjennomsnittleg deltaking på turar/arrangement	29	36	27	25	27
Topp-/Turbotrimmen - registreringar			300		
Fivla - Overnatting	367	314	387	268	310
Fivla - Dagsbesøk				-	-
Fuglesteg - Overnatting	400	550	300	530	550
Fuglesteg - Dagsbesøk	5000	5000	4000	3000	5 000
Dagsturhytta Eikjabu		500			
Utlån av kajakkar		265	260	290	650
Tungestølen - Overnatting	1531	1323	792	1069	1149
Tungestølen - Dagsbesøk					



Utvikling medlemmer i Luster Turlag

Luster Turlag hadde i 2025 617 medlemmer. Dette er ein stigning på 23 samanlikna med fjoråret. Spesielt aldersgruppa barn 0-12 og 67+ har hatt ein auke i medlemmar, det kan tyde på at økt aktivitet i både Barnas Turlag og Gålaget har bidratt til denne auken. I aldersgruppa 26-40 har det vore ein nedgang på 10 medlemmar.

Medlemstal Luster Turlag	2025	2024	2023	2022	2021
Total	617	594	595	651	646
Alder					
0-12	75	63	64	79	87
13-18	47	42	43	51	63
19-25	46	48	48	61	62
26-40	91	101	96	112	100
41-59	178	173	186	190	180
60-66	73	71	72	75	79
67+	107	96	86	83	75

Antall medlemmer i perioden 2021 - 2025


Den No

Alderinndelinger

- ☒ Aldersgrupper
- ☐ Aldersgrupper mindre
- ☐ Aldersegment
- ☐ Alder 10års

Totalt antall medlemmer per aldersgruppe

Fordelt på år



Aldersgrupper 2024 2025

0-12	63	75
13-18	42	47
19-25	48	46
26-40	101	91
41-59	173	178
60-66	71	73
67+	96	107
Totalt	594	617



Dugnadstimar

Gruppe	Tal timar 2025	Tal timar 2024
Styreleiar	159	100
Deltaking S & Fj Turlag	60	60
Styremøter	122	88
Årsmøte	99	120
Økonomi	90	90
Hyttedrift	1912	2261
Stimerking	326	152
FTU	79	94
Kajakk	12	10
Gålaget	56	148
Barnas Turlag	77	73
Turleing	128	42
Turleiarsamling	68	
Total	3188	3238



Dugnadsgjeng jobbar på taket av nye Løa på Fuglesteg. Foto: Stein Bugge Næss



Medlemskap i DNT Sogn og Fjordane og tilknytning til DNT

Luster Turlag er eitt av dei 14 lokallaga i DNT Sogn og Fjordane og Luster Turlag er dermed ein del av Den Norske Turistforening (DNT).

Oddstein Haugen deltok på DNT SFJ sitt årsmøte på Skei 15. mars 2025. Det vart diskutert saker som rekneskap, årsmelding, kontingent, budsjett og handlingsplan.

Oddstein Haugen og Gry Thyrrestrup var til stades under DNT SFJ sin årlege fellessamling som vart lagt til Stryn den 31. oktober-2. november. Her vart det diskutert sakar som nytt vegvaldokument og strategiplan, DNT Ung og Barnas Turlag, turleiarutdanning og organisering av DNT Sogn og Fjordane. På møtet blei kontingentberekningsmodellen tatt opp, og det blei drøfta om DNT Sogn og Fjordane kan auke tal faste stillingar ved å auke kontingenten frå lokallaga. Denne saken blei utsett til årsmøte. Medlemskapsavtalen mellom lokallaga og DNT Sogn og Fjordane blei etterfølgjande sendt til lokallaga, denne må godkjennast av lokallaga før den kan endeleg vedtakast på årsmøtet til DNT Sogn og Fjordane i mars 2026.



Frå fellesmøte med DNT Sogn og Fjordane den 31.-2. november



Topptrimmen 2023-2025

Topptrimmen utfordrar dei som vil besøka fjelltoppar rundt omkring i kommunen. Ti toppar blir utplukka, og deltakarane har tre år på seg til å besøka alle. Beviset på at ein har vore på plassen er eit klipp i deltakarkortet. Deltakarane plukkar med seg ein stein som dei leverer inn, for å få den montert på ein sokkel med messingplate der både namnet på toppane og deltakaren er innfresa.

Dette er sekstende gongen Luster Turlag inviterer til Topptrimmen. Dei same toppane som stod i kortet for 30 år sidan, skal no få nye besøk. Deltakarane får tre somrar på seg til å finna fram til desse ti fjelltoppane som ligg spreidde rundt i heile den vide Luster kommune. Toppene som er utvald for Topptrimmen i 2023-25 er:

1. Tverrdalstind 1585 moh
2. Tisedalshøgdi 1228 moh
3. Buskrednosi 1505 moh
4. Holmevassnosi 1653 moh
5. Børesteinen 985 moh
6. Falkanosi 1559 moh
7. Sveidalsnosi 1711 moh
8. Vestre Holåtind 2039 moh
9. Simlenosi 1766 moh
10. Stetind 2020 moh

Det er for 2023-2025 produsert 400 deltakarkort. 82 personar har fullført Topptrimmen for 2023-25. På årsmøtet blir det premiering til alle som har fullført Topptrimmen. I 2026 startar Topptrimmen opp att ein ny treårs periode. Turlaget har bestemt å gjere Topptrimmen digital og i staden for fysiske deltakarkort vil Topptrimmen bli lagt ut på SjekkUT.

Vigdalsdilten

Vigdalsdilten har vore eit årvisst arrangement i 47 år og går frå Vigdalen via Vigdalsstølen til turlaget sine hytter på Fivla. Der blir det servering av kaffi, saft og kake før ein går vidare over fjellet langs T-merka rute til Navarsete og bilveg i Engjadalen – ein tur på rundt 20 kilometer som dei fleste treng 5 til 7 timar på.

I år var Vigdalsdilten arrangert den 20. juli og det var 37 deltakarar på turen.



Barnas Turlag

Friluftslivets år starta med «Kom deg ut dagen» på Heggmyrane 18 januar. Hverken været eller snømengden satt en demper på stemningen. Det var aking, ski, skihopp, natursti og grilling ved grillhytta.

I mai hadde Barnas turlag fjøsbesøk på Indre Hafslo. Der fikk barna både gi melk og kose med lammene og lære litt om fjøsstell. Nærmere 80 barn og voksne tok turen denne dagen.

Barnas turlag deltok på Lustramarknaden og formidlet informasjon om ulike aktiviteter, delte ut bøker og grilla pølser. Barna kunne spikke pinner og seljefløyter.

24. og 25. juni deltok Barnas turlag på FriMoro. Vi hadde eigen stand med aktivitetshefter og tegnesaker.

3. august var Barnas turlag på Veitastrond til Nystølstjørni. Dei 26 deltakarane fekk vere med på en flott tur, nokre fekk fisk også.

17. august var Barnas turlag med på fiskekonkurranse på Heggdalsvatnet. Det ble både fisking, vassing i fjellvannet og bading i elva på Navarsete.

7. september arrangerte Barnas turlag «Kom det ut dag» på Langholmen i Hafslovatnet. Her fekk vi båttransport til og frå øya, gjekk natursti, fisket, kunne prøve packraft båtar og grille pølser og mashmellows.

«Kom deg ut dagene» har vort i samarbeid med frivilligsentralen.

Vi måtte avlyse to arrangement, Bretur på Nigardsbreen og Naturbingo i Solvorn, pga få eller ingen påmeldte.



Fjøsbesøk. Foto Renate Urnes



Kom deg ut-dagen. Foto Liv Endresen



DNT Ung Luster

Turlaget har fått to nye styremedlemar som har teke ansvar for aktivitet for ungdom. Det har betydd at det har vore arrangert fleire turar for ungdom og unge-vaksne. Denne aldersgruppa er vanskeleg å nå, og det har diverre vore få eller ingen deltakarar på aktivitetane. Det blei gjennomført klatring på Stegagjerde med 7 deltakarar, kajakkstur med 0 deltakar, fjelltur til Hest med 9 deltakarar og overnattingstur til Fuglesteg med 7 deltakarar. Vi jobbar fortsatt med å få opp aktiviteten. Det er laga eit godt program for 2026, så forhåpentlegvis vil aktiviteten for ungdom auke framover.



DNT Ung på Hest. Foto Amalie Råum



DNT Unge Vaksne på overnattingstur til Fuglesteg. Foto Vemund Flatebakken

OPPTUR

OPPTUR for 8. klasse vart arrangert tysdag 10. juni. Det var 8. klasse frå Luster ungdomsskule og Hafslo barne og ungdomsskule som var med. Veret var skya med opphald heile dagen. Turen gjekk frå YX på Hafslo til Huaplassen og vidare til Feival. Der hadde me matpause og ulike konkurransar.



Turen tilbake gjekk ned gamlevegen til Kjos og vidare til Hillestad, til slutt gjekk me gangvegen tilbake til YX.

Me hadde ein fin tur og alle fullførde.





Friluftsliv tilrettelagt (FTU Luster)

FTU Luster har vore i drift sidan 7.oktober 20.

På starten av året vert det laga eit årshjul over aktivitetane der ein fordele kven som er ansvarleg for dei ulike aktivitetane. Også deltakarane er delaktige med å kome med innspel til kva dei har lyst til. Friluftsliv har etterkvart blitt svært populært hjå målgruppa og det har kome jamleg til nye deltakarar, også i år.

På friluftaktivitetane våre plar det vere mellom 10 – 13 deltakarar. Ledsakarar kjem i tillegg, så totalt kan me vere over 20 deltakarar. For å gjere det lett å hugse har me bestemt at aktiviteten skjer den andre onsdagen i månaden. Det har vore gjennomført 9 arrangement i 2025. Aktiviteten i oktober vart avlyst og me hadde pause i juli og august.

Det er varierte aktivitetar som vinterdag på Sogn skisenter med hundspannkøyring og grillmat. Me har hatt uteaktivitetar som boccia/balleik/kubb, fotballkamp med Sogndal fotball, natursti, stjerneorientering og refleksrebus. Høgdepunktet var i september med fotballkamp mot spelarar frå Sogndal fotball. På alle arrangement fyrer me opp enten bål eller bålpanne. Me avsluttar med sosialt samvær rundt bålet og eter kveldsmat saman. Alle har med bålmat medan dei frivillige serverer varm drikke. Det er mykje prat og latter på våre arrangement, noko me tolkar som trivsel og glede av å få vere saman og oppleve naturen.

Sidan 2023 som har me hatt 2 faste frivillige som har hjelpt til med planlegging, førebuing og gjennomføring av aktivitetane. Dette kjem til å endre seg frå 01.01.2026, då er me på jakt etter 1 ny frivillig. Inntil vidare har me fått inn ein vikar for å oppretthalde dette viktige tilbodet.



FTU var heldege å møte Kronprins Håkon under besøket hans på Tungestølen i september. Foto Anita Kjørslaug



Luster Gålag

Alle dei ti planlagde turane for 2025 vart gjennomførde. Varierende ver gjorde at somme turar hadde mindre deltaking, men når sola skein på turdagen, vart mange med. Mest populære var turane til Ormelid med 30 deltakarar, til Sværefjorden med 35 deltakarar og turen til Årdal med utsiktstoppen Bjødnaholten og omvising og servering nede ved fjorden i Indre Offerdal. På denne siste deltok 36. Totalt var 204 med på dei ti turane som vart arrangerte, og styret i laget arbeider vidare med friskt mot.

I styret for laget er Øygunn Listou, Søvrina Hauge, Bjarne Venjum og Stein Bugge Næss.



Strålende tur for Luster Gålag til Årdal med toppstur til Bjødnaholten og besøk i Indre Offerdal. Foto Stein Bugge Næss



Kajakknaust



Utlånstal omtrent som i fjor, ei oppteljing i vippsinnbetalingar viser at det har vore utleigd 258 kajakkar i 2025. Dugnad ca. 12 timer: Reperasjon hyllesystem, vedlikehald utstyr, rydding, tilsyn, info til padlarar som ringer og lurar på ting.

Innkjøp av utstyr i 2025:

- 2 padlevester
- 2 årer
- 2 pumper
- 5 kasteliner
- Diverse kajakdeler (pedaler)

Det har ikkje vore nokon melding om uhell/skader. Bookingsystem innført etter mal frå Sogndal. Organisasjonssekretæren organiserer dette.



Dagsturhytta Eikjabu

Det har vore godt besøkt på Eikjabu i 2025, mange i kajakk eller båt. Det er vanskeleg å seie noko konkret om aktiviteten på Eikjabu. Det er ei bok å skriva i, men det er eit fåtal som skriv i boka (50-100), så det har nok vore fleire besøkande. Arbeid som har vor utført i sommar har vore å rydda av sti og slepe rundt hytta 7 gonger, beisa yttervegger, slepe ut flytebrygga, forankre den og sette opp landgang. Om hausten må flåten demonterast, slepast til Gaupne, heise den på land for sikker lagring.

Takk til Nils, Edin og Håvard for god hjelp.



Fivla

Eit godt år på Fivla. Det har vore 367 overnattingar i 2025, ein auke frå i fjor. Ein god del meir vinterbruk no, og då og auke i vedforbruket. Den store kostnaden er ved og transport av den. Det er ikkje noko store prosjekt på Fivla, men ein del småvøling og vedlikehald er det no. Fivla ligg på 1000 moh, so det røyner på tak og vindauger/dører. Har no fått gjerda inn steintroppa på nyahytta, so me slepp å gå i smalamøk.

Fuglesteg

Det var ein normalt god sesong sommaren 2025, men på grunn av mykje arbeid med planlegging og gjennomføring av oppattbygging av løa, hadde me ikkje kunst på veggene eller konsert i fjøslokalet denne sommaren. Løa var ferdig utvendig i slutten av september og skal klargjerast inne til våren.

Finansieringa av denne siste bygninga som vert reist etter brannen i 1985 har gått bra. Turlaget innvilga 200.000 kroner frå eiga kasse, me fekk 400.000 frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, 400.000 frå Luster Sparebank, 300.000 frå Luster kommune. Luster Energiverk betalte geologirapport med 70.000 kroner og på tampen av året fekk me den gledeleg meldinga at Hydro Energi ville støtta Fuglesteg med 200.000 til solcelleutstyr i den nye løa og i fjøsen.



Planen er å laga ei historisk utstilling i tekst og bilete i løbebygningen, og me har samarbeid med sognefjord.net as på Veitastrond om dette. No går me i gang med å skaffa midlar til utstillinga. Opningsdato for Løa har me planlagt til laurdag 4. juli.

Elles vart vegen frå Fortun til Fuglesteg kraftig skadd i det veldige regnveret tidleg i mars. Me hadde takstmann på plass og har søknad inne hjå Statens naturskadeordning. Skaden vart reparert i løpet av mai. Kostnaden var på over 400.000 kroner, men om me får attende det me trur, vil likevel turlaget bli belasta med over 100.000 kroner. Luster Sparebank var med på å dela denne kostnaden, medan me fekk avslag på prinsipielt grunnlag hjå kommunen.



Tungestølen

Luster Turlag har hatt avtale med Jørn Erik Kolding om drift av Tungestølen Turisthytte.

Hytta var open frå 24. mai til 28. september. Tal overnattingsdøgn i 2025 var 1531, 208 flerre enn året før. Leigeinntektene til Luster Turlag for 2025 blei kr 346.307, ei lita nedgang frå i fjor der turlaget fekk inn 350.995 kr. Grunnen er at turlaget har valt å redusere sin del av losjiinntektene.

Drifta har vore god og generelt gode tilbakemeldingar frå tilfredse besøkande på både mat og opplevinga elles. Hytteanlegget har fungert godt, ingen vesentlege tekniske problem. For å auka kapasiteten i fellesbygget er det kjøpt inn 2 nye bord hjå Sønnesyn sag og 16 stolar. Det har og vore behov for å auke overnattingskapasiteten for tilsette. Det er løyst ved å leige hytta til DNT Oslo og Omegn nede på sletta på Tungestølen – og truleg får turlaget vidareført leigeavtalen. 13. juni arrangerte Luster Turlag og Veitastrond bygdelag konsert/dans med Ivory på Tungestølen. Triveleg kveld i nydeleg vær og med framifrå musikk.

Hyttestyret vil få takke vertskapet ved Jørn for god drift og godt samarbeid i 2025. Vi er svært glade for at Jørn vil halde fram, og me ser fram til 2026 med stor optimisme.

Når no sesongen er over, er Austerdalshytta ei ubetjent hytte som medlemmar og andre kan nytte seg av utover vinteren og våren.



Hans Kongelige Høyhet Kronprins Haakon besøkte Tungestølen 1.- 3. september

Besøket til Jostedalen nasjonalpark starta med naturdag på Tungestølen. Elevar frå Veitastrond oppvekstsenter, Hafslo barneskule (3.- og 4. klasse) og FTU Luster deltok i aktivitetar som natursti og turmat. Naturdagen blei arrangert i høve Friluftslivets år.



Neste dag gjekk turen til Midtnovi. Med erfaren breførar, Gaute Bøyum, Anne Kari Herlofsen Nes og Kristine Selbervik Lund frå Luster Turlag, generalsekretær DNT Inger Lise Blyverket og fleire la Kronprinsen ut på den 12 timer lange turen, og nærare 1000 høgdemeter opp til Opptaksbreen.

På alle måtar eit fantastisk arrangement, stor innsats frå Luster Turlag og FTU – og topp vertskap av Jørn og alle andre på Tungestølen Turisthytte.



Informasjon og utbetring av turstiar

13. juni blei Informasjonspunktet ved Tungestølen Turisthytte offisielt opna. Jostedal nasjonalparkstyre har stått for etableringa av informasjonspunktet. Naturforvaltar Trygve Snøtun saman med elevar frå Veitastrond oppvekstsenter, stod for opninga. Informasjonstavlene fortel om kulturlandskap, flora, fauna, brear og geologi.



Luster Turlag vil få takka forvaltarane og styret for nasjonalparken for bidrag til utvikling av informasjon- og aktivitetstilbodet på Tungestølen.



Turstien fram Austerdalen er no utbetra. Hovudtiltaket har vore å legge planke-gangar over myrar og våte område og klopper over bekkar og elvar. I alt er det gjort tiltak på 20 plassar framover dalen.

Turstien er ferdig, men me ønskjer erfaring med kva vinter og vår gjer med plankar og bruer – og om det er andre plassar som treng tiltak. Derfor har me lagt igjen materiale på 2 stader, i tilfelle det er behov for utbetringar.



Planlegginga og gjennomføringa av prosjektet har skjedd i nært samarbeid med Jostedal nasjonalparkstyre. Vi har hatt sluttsynfaring, og er godt nøyde med den nye turstien.

Viktigast av alt: Det er alt svært mange, tilfredse turgåarar som har gått stien!

Stor takk til dei som har arbeidd med og finansiert prosjektet

- Luster sparebank
- Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- Jostedal Nasjonalparkstyre
- DNT Sogn og Fjordane
- Entreprenør Johan Hilleren

Stor takk til alle som har stilt opp på dugnad!

Hyttestyret for Tungestølen Turisthytte: Anne Kari Herlofsen Nes, Bente Helene Skildheim Nes, Jimmy Hilleren og Bjarne Venjum (leiar).

Internkontroll hyttene

Styret vedtok i 2022 nye rutinar for tilsyn og kontroll av brann-, gass og varslingsanlegg - og drikkevatt. Dette er følgt opp i 2025 med kontroll på alle hyttene. Dokumentasjon av internkontrollen vert sendt til organisasjonssekretæren for arkivering.



Økonomien i Luster Turlag

Luster Turlag har eit resultat for 2025 (01.01.2025-31-12.2025) på kr. 141 146,-

Rekneskapen består av drift av hyttene Fivla, Fuglesteg, Eikjabu- kajakknaustet. Drift av Tungestølen blir sett ut til eksterne, men turlaget får losjiinntekter som er inkludert i resultatet, samt den nye ubetente hytta på Tungestølen- Austerdalshytta er inkludert i resultatet.

Luster Turlag har hatt eit godt driftsår sjølv med mykje byggjeaktivitet på Fuglesteg. Luster Turlag har betalt ned 153 334,- på lånet i næringsfondet i 2025 og har elles ikkje lån utover dette. Då desse vart nedbetalt i 2023. Leigeinntektene for Tungestølen er basert på ein andel av overnatting og utgjer tilsaman kr. 346 307,- i rekneskapsåret. Noko som er på nivå med 2024.

Luster Turlag har i 2025 fått støtte til:

- Luster Turlag har fått kr. 300 000,- til Løa på Fuglesteg frå Luster Kommune
- Luster Turlag har fått kr. 400 000,- til Løa på Fuglesteg frå Luster Sparebank
- Luster Turlag har fått kr. 400 000,- til Løa på Fuglesteg frå Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane.
- Luster Turlag har fått kr. 70 000,- til Løa på Fuglesteg frå Luster Energiverk AS
- Luster Turlag har fått kr. 65.000,- til Vegen på Fuglesteg frå Luster Sparebank
- Luster Turlag har fått kr. 30 000,- til toalett på Tungestølen frå Luster Kommune
- Luster Turlag har fått kr. 20 000,- til opning av sti på Tungestølen frå Luster Sparebank
- Luster Turlag har fått kr. 15 000,- til FTU frå Vestland Fylkeskommune
- Luster Turlag har fått kr. 65 308,- i støtte frå DNT Sogn og Fjordane
- Luster Turlag har fått kr. 23 334,- i støtte frå DNT si Frifondtildeling. Pengane er forbeholdt aldersgruppa 0-26 år.

Årsmelding 2025



Resultat	2024	2025
Sal varer og tjenester	1 124 304	1 224 181
Tilskot	315 120	261 709
Sum inntekter	1 439 424	1 485 890
Driftskostnader		
Vareforbruk	41 653	73 695
Lønn og andre personalkostnader	329 395	349 910
Avskrivning frå og med 2025	0	420 439
Andre driftskostnader	526 435	518 105
Sum driftskostnad	897 483	1 362 149
Netto finanskostnad	13 762	17 405
Resultat	555 703	141 146

Ved utgangen av rekneskapsåret hadde Luster Turlag eit bankinnskot på kr. 800.684,50,- og ei samla gjeld på kr. 1.993.029,00,-. I 2025 har Luster Turlag betalt ned kr. 153.334,- på lånet i næringsfondet.



Eigedelar	31.12.2024	31.12.2025
Fivla	252 800	247 744
Kajakkar	-	-
Tungestølen	14 982 663	14 683 009
Austerdalshytta	4 169 879	4 086 481
Løe Fuglesteg	-	146 621
Veg til Fuglesteg	-	290 992
Anleggsmidler	19 405 342	19 454 847
Varelager	111 571	81 571
Vegen Fortun, Furåsen, Fuglesteg	-	-
Kundefordringer	40 111	-
Opptjent, ikke fakturert driftsinntekt	-	-
Andre kortsiktige fordringer	-	-
Bankinnskott	784 973	800 685
Omlaupsmidler	936 655	882 256
SUM EIGEDELAR	20 341 997	20 337 103
Eigenkapital og gjeld	31.12.2024	31.12.2025
Eigenkapital	18 145 922	18 287 066
Pantelån	-	-
Lån Luster kommune	2 146 566	1 993 029
Tippemidler Luster Kommune	-	-
Leverandørgjeld	59 512	125 379
Meirverdiavgift	(10 004)	(68 371)
Annen påløpt kostnad	-	-
Sum gjeld	2 196 074	2 050 037
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	20 341 996	20 337 103



I 2025 starta med med avskriving av bygga på Fivla, Tungestølen, Austerdalshytta med 2%.
Vegen til Fuglesteg har me avskrive med 10% kr. 32 332,50.

«Avskrivningssatsen for skogsveier varierer, men faller ofte inn under **anlegg med en antatt brukstid på 20 år eller mindre**, som kan avskrives med inntil **10 % årlig.**»

Fram til og med 2024 har me ikkje avskrive bygga på Tungestølen, fordi me har nettoført eit tilskot på kr. 3.500.000,- på Tungestølen. Tilsvarende har me nettoført eit tilskot på Løa i Fuglesteg i 2025 kr. 1.170 000,- og Veggen til Fuglesteg kr. 76.675,-

Anlegg	Fivla	Tungestølen	Austerdalshytta	Løe Fuglesteg	Veg til Fuglesteg	Total
IB	252 800	14 982 663	4 169 879	0	0	19 405 342
Avskrivingar tidlegare år	0	0	0	0	0	0
Balanseført verdi 01.01.2025	252 800	14 982 663	4 169 879	0	0	19 405 342
Tilgangar i år	0	0	0	146 621	323 325	469 946
Avskrivingar i år	5 056	299 654	83 398	0	32 333	420 441
Balanseført verdi 31.12.2025	247 744	14 683 009	4 086 481	146 621	290 992	19 454 847

Årsmelding 2025



Luster Turlag



DNT Ung
Luster



Barnas Turlag
Luster



Luster Sparebank



DNT Tilrettelagt
Luster





STYRET FOR LUSTER TURLAG 2025

Oddstein Haugen
Leiar

Anne Merethe Feigum
Nestleiar

Bente Helene Skildheim Nes
Kasserar

Amalie Råum
DNT Ung

Liv Endresen
Barnas Turlag

Kristin Selbervik Lund
DNT Ung

Trygve Snøtun
Styremedlem

Gry Thyrrerstrup
Organisasjonssekretær

